



Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS

5574 SKJOLD

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 56 88 11
E: postmottak@fmro.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Toraneset Miljøpark, Vindafjord kommune - Oppsamling og utnyttning av deponigass

Vi syner til rapporten "Evaluering av deponigass på Toraneset" (Cowi AS, 24.09.2012), møte på Toraneset 30.10.2012 og tidlegare kontakt i denne saka.

Rapporten

Det framgår av rapporten at deponigassproduksjonen hadde berekna maksimum om lag år 2010 (1 million m³/år), for deretter å avta jamnt i løpet av 50 år.

Utførte emisjonsmålingar på deponioverflata og deponert avfall syner markant skilnad. På grunnlag av målingane er det berekna dobbel så stor gasslekkasje (rekna som metan) frå avfallet i høve til lekkasje frå deponioverflata.

Det heiter i rapporten at deponioverflata er ujamn med variererande overdekking av avfallet, og rapporten tilrår derfor utbetring av dekkmassane slik at overdekkinga tilsvarer minst 1 meter. Sidene av deponiet bør også tettast for å sikra at gassen ved avfakling strøymmer mot sentrale delar av deponiet.

Rapporten tilrår vidare ei trinnvis utbygging av eit horisontalt gassoppsamlingsnett og etablering av avfaklingsanlegg, kombinert med oksidasjonslag på deponioverflata.

Deponioverflata ligg høgast i sørvest. Dette kan vere ei aktuell plassering av eit avfaklingsanlegg knytta til eit forgreina gassoppsamlingsnett.

Ved innsending av den siste deponigassrapporten har HIM oppfylt dokumentasjonskravet i vilkår 3.7 i løyvet av 10.06.2008 etter forureiningslova.

Det blei på møtet 30.10 stilt spørsmål om nedre grense for å stille krav til oppsamling av deponigass. Det heiter i SFT sin mal (2009) for vilkår til avslutting og etterdrift av deponi at det skal gjerast ei vurdering av gasspotensial ved deponiet; dersom berekna gassproduksjon tilsvarer ei energimengd pr. time over 80 kWh, skal deponiet ha anlegg for oppsamling av deponigass. Ein gassproduksjon på 1 million m³/år på Toraneset tilsvarer om lag 115 m³/time. Med eit stipulert energiinnhald på 5 kWh/m³ gir dette ei energimengd på om lag 575 kWh

Mogleg ny deponietappe

HIM orienterte på møtet 30.10 om at selskapet greier ut om det skal søkjast til Fylkesmannen om etablering av ei ny deponietappe 3 mot nordaust. Det er framleis eit restvolum i nåverande deponietappe som HIM ynskjer å fylle ut før oppstart av mogleg etappe 3.

Konklusjon

Størrelsen på gasspotensialet ved deponiet på Toraneset tilseier at tiltak for oppsamling og minimum avfakling av deponigass må setjast i verk, jf vilkår 3.7 i løyvet av 10.06.2008 etter forureiningslova.

Fylkesmannen si vurdering er at effektiv oppsamling av deponigassen føreset at dei delane av nåverande deponietappe som ikkje er i bruk blir endeleg avslutta i samsvar med krav til avslutting og etterdrift av deponi, jf avfallsforskrifta § 9-15 og vedlegg III til kapittel 9 i same forskrift.

Fylkesmannen ber derfor HIM senda inn avsluttingsplan for nåverande deponietappe. Planen skal omfatta dei delane av nåverande deponietappe som ikkje lenger er i drift. Det må framgå av planen korleis ei trinnvis avslutting av deponiet skal utførast med utgangspunkt i ein avfaklingsposisjon i sørvest.

Avsluttingsplanen må innehalda fylgjande punkt som gjeld oppsamling av deponigass:

- Oppsamling ved etablering av horisontalt oppsamlingsnett.
- Tidfesting av trinnvis utbygging av oppsamlingsnett frå faklingspunktet i sørvest mot nordaust.
- Tetting av deponisidene.
- Minimum avfakling.
- Mogleg etablering av supplerande oksidasjonslag.
- Avgrensing mot siste del av nåverande deponietappe som framleis er i drift, og mot mogleg ny etappe 3.

Vi ber om at avsluttingsplanen blir sendt oss innan 1. mars 2013.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen
ass. fylkesmiljøvern sjef

Einar Haualand
senioringeniør

Dokumentet er godkjend elektronisk og krev derfor ikkje signatur.

Saksbehandlar: Einar Haualand
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 25
E-post: einar.haualand@fmro.no

Kopi til:

Vindafjord kommune Rådhuset 5580 Ølen